



DEN NORSKE KYRKJA

Seljumannamessekomitéen

Sekretariat: seniorprest Sigurd Vengen

Breimsvegen 13, 6823 Sandane

e-post: sigurd.vengen@gmail.com * tlf: 48096093



Selja

- der kyrkja i Norge vart fødd -

Kultur- og kyrkjedepartementet

Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Høyringsuttale frå SELJUMANNAMESSEKOMITEEN, Nordfjord prosti: PILEGRIMSMOTIVET SOM NASJONAL SATSING

SELJUMANNAMESSEKOMITEEN er oppnemnt av Nordfjord prostiråd som tilskipar av den årlege Seljumannamesa. Dei siste 15 åra har det vore ei innleiande pilegrimsvandring mot Selje og Seljumannamesa. SELJUMANNAMESSEKOMITEEN er ikkje ordinær høyringsinstans, men ynskjer likevel å ytre seg i høyringa om *På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt*. I møte 18.03.09 gjorde ein fylgjande vedtak:

Sak 10/ 2009 Fråsegn om *På livets vei. Pilegrimsmotivet – et nasjonalt utviklingsprosjekt*.

Seljumannamessekomitéen vil uttrykke undring over at utgreiinga fokuserer for einsidig på Olav og Nidaros, og at ein lite tilgodeser kysten, Selja og Sunniva. Det er t.d. ikkje planlagt å løyve midlar til Selje i det heile.

Seljumannamessekomitéen vil slutte seg til Soknepresten i Selje si fråsegn av 04.03.09. Sekretæren oversender saka til Bjørgvin bispedømme og til Kyrkjedepartementet.

Soknepresten i Selje si fråsegn ligg ved.

Sandane 23.03.09

Venleg helsing

SELJUMANNAMESSEKOMITEEN


Sigurd Vengen

Kopi til

Bjørgvin bispedømmeråd

Pilegrimsrapporten «På livets vei.»

Moment til høyring

Det er med glede eg registerer at pilegrimsmotivet er teke på alvor på ein heilt annan måte enn før, både av kyrkja og det offisielle Noreg. Ikkje minst denne rapporten syner det.

Men:

Kysten generelt, og Selje spesielt, er påfallande lite tilgodesett i forhold til at dette skal vera ein nasjonal plan. Det er uheldig både i reiselivsperspektiv og historisk.

Reiselivsperspektiv:

Som turistland er Noreg fyrst og fremst kjent for fjordar, fjell og sjø. Alle land har innland. Men svært få har så mykje kystland. Pilegrimsleier langs kysten vil sannsynlegvis ha større potensiale overfor utlendingar og andre som vil oppleva vakker natur.

Selja ligg midt i leia. Stadhavet ligg enno som ein knyttneve ut mot havet, og er eit kjent begrep for alle som har eit forhold til norske vermeldingar.

Historisk:

- a. Sunniva er vår eldste helgen.
- b. Selja er vår eldste heilagstad og dermed vårt eldste pilegrimsmål.
- c. Selja er eit av våre tre eldste bispesete.
- d. Landet vårt vart kristna vestanfrå i stor grad.
- e. I den tid då sjøen var hovudferdselsåre, var kysten og kystvegane sentrale på ein annan måte enn no, både for innanlands og utanlands kommunikasjon.
- f. Kinn er ei særmerkt øy. Kinnakyrkja og klosteranlegget på Selja gjev til saman eit fint bilete av kyrkjehistorie langs kysten.

Aktuelt:

- a. Eit klosterset er under etablering i Selje sentrum.
- b. Riksantikvaren og OVF satsar store midlar på klosteranlegget på Selja: Heile øya var laser-scanna hausten 2008. Tilgangen til Sunnivahelleren, sjøve hjarta (eller som Sigrid Undset sa, livmora) i klosteranlegget, skal gjerast lettare tilgjengeleg ved at trappene og stigen i terrenget skal utbetrast.
- c. Sunnivaleia Kinn – Selje (/Ervik) er under etablering.
- d. Andre pilegrimsvandringar til Selje er etablerte, særleg i forkant av Seljumannamessa kvart år.
- e. I lokalmiljøet vinn klosteret tilbake sin gamle status som heilagstad.
- f. Båtfolket langs kysten bør få møta pilegrimstradisjonen ved ei båt-pilegrimslei.

Konklusjon:

Kysten fortener meir merksemd og vesentleg meir midlar i ein nasjonal pilegrimsplan enn han har fått i denne planen.

Kyrkja må vera medaktør i det som skjer i og rundt klosteranlegget på Selja ved at det vert avsett midlar til pilegrimsprest minst i 50% stilling i Selje.

Elles:

For meg er det litt rart at ei nasjonal pilegrimssatsing skal dreia seg så sterkt berre om St. Olav og Nidaros. Me har fleire helgenar og mange fleire pilegrimsmål.